

ULVIK var eiga skipreide i 1277, som Granvin og Eidfjord. På 1600-talet utgjorde Ulvik og Eidfjord ei skipreide. Frå 1689 omfatta Graven skipreide Granvin, Ulvik og Eidfjord.

Ulvik sokn hørde til Kinsarvik prestegjeld til 1608; deretter til det nye Granvin prestegjeld. Eidfjord vart ein del av Granvin prestegjeld frå 1688. Prestegjeldet skifte namn i 1858, då Ulvik vart hovudsokn. Ulvik vart likeeins namnet på kommunen og lensmannsdistriktet, som omfatta både Granvin og Eidfjord. I 1891 vart så desse to soknene skilde ut som egne kommunar. □

GARTNAREN I KULTURLANDSKAPET

Som ei av dei gode jordbruksbygdene i Hardanger har Ulvik mange velstelte kulturlandskap, forma av bondens arbeid gjennom generasjonar. Sentralt i bygda ligg gardar som Sponheim og Hakastad, Sysse, Lekve og Kvåle; gardar som ligg i jordbrukslandskapet slik det har sett ut dei siste tusen åra. Det er lett å forstå at denne bygda har gjeve plass til ein hagebruksskule, som på Hjeltnes, frå 1901. Men den som framfor nokon har odla dette kulturlandskapet, både det ytre og det indre, er gartnaren og diktaren Olav H. Hauge (①153). Han føyer ein ny dimensjon til landskapet, og han gjev opplevinga ein djupare resonansbotn:

*I natt har graset vorte grønt.
Ein fugl freistar å syngja,
skodda ris,
og soli kjem yver snøfjelli.
Frå morgonar for lenge sidan
slær glæda veikt på sitt koparskjold.*

MELLOMALDERGARDEN PÅ HAKASTAD

NEDRE HAKASTAD er ein av dei gamle gardane i Ulvik. Her vart truleg den første stavkyrkja bygd, og her ligg prestegarden. Ei gammal segn fortel at stavkyrkja skulle byggjast på OPHEIM, men på forunderleg vis vart tommeret nattarstider ført til Hakastad. Desto meir forunderleg er denne segna når det viser seg i dag at røyndommen er omvendt: i ei av dei store løene på Opheim finn vi store stavar, fint forarbeidde, som må skriva seg frå stavkyrkja på Hakastad. Dendrokronologisk datering (årringsdatering) viser at stavane truleg må daterast til 1200-talet; frå den kyrkja som vart riven i 1710. Den nye kyrkja vart bygd på Brakanes.



Embetsgarden på Holmen måla av Catharine Kølle. Utan år.

HOLMEN OG KØLLEFAMILIEN

HOLMEN ligg nede ved fjorden, inst i Ulvikpollen. Opphavleg var dette ein liten busmannsplass eller strandsitjarstad under garden Håheim. Major JOHAN HENRIK PALLUDAN fekk festebrev på ein del av Holmen i 1773, og sette seg opp eit standsmessig bus, som sjef for Nordre Hardangerske kompani. I 1806 selde fru Palludan Holmen til den litt eksentriske teologen og privatskuleeigaren KRISTIAN KØLLE, og såleis kom Kølle-familien til Ulvik. I dag er Køllehuset i Holmen borte; det er rektorbustaden ved Statens gartnarskule som rår grunnen – ein drakestilsvilla frå hundreårsskiftet.

Embetsmannsgarden på Holmen var ramma kring eit roleg og tilbaketrekt liv for den forsiktige Kristian Kølle og dei tre døtrene hans, CATHARINE HERMINE (1788-1859), HELENE JOHANNE (1795-1877) og AMBROSIA (1796-1855). Dei overtok Holmen etter faren i 1814 og vart buande i Ulvik all sin dag. Dei hadde flittige hender, dei sauma bringeklutar til bunader og kom velt ut av det med bygdefolket. Dei gjekk under namnet

«Holmajomfruene». Catharine merkte seg mest ut av dei; «Noregs første kvinnelege turist». Med sekk og stav vandra ho rundt i Skandinavia og Europa; ho førte dagbok på reisene sine og tok skisser i skisseboka si. Heime i Ulvik arbeidde ho ut vakre, kolorerte prospekt, minutiøst nøyaktige og detaljerte; ein av våre fremste topografiske landskapsportrettorar på 1800-talet (③365, ③392, ③393, ③403, ①61). □

KROSSKYRKJE OG STAVKYRKJE

Den kyrkja som står i dag på Brakanes, er ei krosskyrkje som er bygd i 1857–59 etter teikningar av arkitekt H. LINSTOW. Denne kyrkja avløyste ei krosskyrkje frå 1710, som igjen erstatta ei stavkyrkje frå mellomalderen, på den gamle prestegardens grunn. To utskorne portalvangar og eit måla antemensale (alterforstykke) høyrer til det ypparste vi har av mellomalderleg kyrkjekunst i Noreg. Portalen og antemensalet er i dag i Historisk Museum i Bergen; dei høyrer til dei mest kostesame eignlutene til muséet (①57). Ein kopi av mellomalderantemensalet heng i dagens kyrkje. Denne er prydd innvendig i 1923 med måling av LARS B. OSA (③360). Dei fysiske restane av mellomalderens kyrkjebygg, stavkyrkjeportalen, daterer stavkyrkja til 1100-talet; eit høgdepunkt i norsk og europeisk treskjerarkunst.



Krosskyrkja frå 1710.